ALVER
KOMMUNE

Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kjartan Medaas | 13.01.2023 |
| Vår: 23/25 - 23/3420 | kjartan.medaas@alver.kommune.no | |

# Søknad om deling til uttale - gbnr 213/55 Eikanger nedre

**Tiltak:** Oppretting av ny grunneigedom/ deling
**Byggjestad:** Gbnr 213/551
**Tiltakshavar:** Even Askeland

Saka gjeld søknad om deling av tomta gbnr 213/55 i to deler. Den delen som vert søkt frådelt vert om lag 1057m² og skal nyttast til bustad. Gbnr 213/55 vart oppretta i 2004.

Aktuelt areal er klassifisert som skog av høg kvalitet i NIBIO sitt gardskart.

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF spreidd bustad formål (LSB 16) i kommunedelplan for Lindås( KDP). Innanfor dette området kan det byggjast 6 nye bustadar i planperioden. I føresegna til KDP punkt 3.4.2 står det at det ikkje kan byggjast på samanhengande skogsområde av høg bonitet.

Ein liten del av omsøkt parsell er omfatta av bandleggingssone (H710_10) for ny E39 .

**VURDERING**
Det må vurderast om frådelinga vert påverka av eksisterande samanhengande skogsområde registrert i NIBIO sitt gardskart. Eller om dette er klarert i samband med oppretting av gbnr 213/55 i 2004.

Videre må det avklarast om frådeling er greitt i forhold til bandleggingssona for ny E39.

Alver kommune har gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå kommunal veg.




*Figur 1Situasjonskart*



*Figur 2Frå Gardskart*



*Figur 3Ortofoto 2020*




*Figur 4Kommunedelplan*

Sjå vedlagt søknad motteken 02.01.2023 for ytterlegare opplysningar.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Avtale om rett til privat veg
Situasjonskart
Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 213/55 Eikanger nedre

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Landbruk | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | Lillehammer |